



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	97/09	10.12.2009

Krav om vilkårsrevisjon for statsreguleringa av Folla-Vindøla vassdraga

Vedlegg

1 Generalplan

Saksopplysningar

Historikk

Statkraft fekk konsesjon til regulering av Folla-Vindøla-vassdraga for produksjon av elektrisk kraft 21.12.1962 og til ei endring av denne reguleringa 01.07.1966.

Folla-Vindøla-reguleringa har to kraftverk, dvs. Trollheim kraftverk på Harrang som vart sett i drift i 1968, og Gråsjø kraftverk sett i drift i 1970. Oppdemming av Folla i Folldalen er nok det mest synlige beviset på reguleringa i form av dei to store kunstige vassmagasina Follsjø og Gråsjø. Sjå vedlagt generalplan over anlegga. Trollheim kraftverk produserer 743 GWh/år, Gråsjø kraftverk 71 GWh/år. Vatn frå Rinna, Bulu, Folla og Vindøla blir overført i tunellar til magasina i Folldalen. Endringa det vart gitt konsesjon til i 1966 gjaldt overføring av vatn frå Vindøla til Follsjø. For Surna-vassdraget er følgjen av kraftreguleringa betydeleg redusert vassføring oppstrøms Trollheim kraftverk. Nedstrøms Trollheim kraftverk er vassføringa sterkt prega av korleis Trollheim kraftverk blir kjørt.

Både Trollheim og Gråsjø kraftverk ligg i Surnadal kommune, men Rindal kommune blir også berørt av utbygginga, først og framst i form av at vatn frå Rinna og Bulu blir overført til Follsjø, og at delar av begge magasina ligg i Rindal kommune.

Knytt til gjeldande konsesjon finst reguleringsbestemmelsar / vilkår som angir nokså detaljerte forpliktelsar Statkraft har, t.d. avgifter til kommunen, det skal skaffast boligar til tilsette ved kraftverket, bygging og vedlikehald av veger og bruer med meir. Vilkåra inneheld også ein vesentleg biologisk del som gjeld t.d. utsetting av yngel og smolt som kompenserande tiltak, bygging og drift av stamfiskanlegg og utføring av fiskeribiologiske undersøkingar. Gjeldande utsettingspålegg i Surnavassdraget er 35 000 2-årig smolt og 60 000 1-somrig yngel årleg. Det er pålagt krav om minstevassføring nedafor Trollheim kraftverk på 15 m³/s, men den kan fråvikast ned til 5 m³/s i perioden 15.oktober – 15. mai.

Det er ei kjent sak at kraftproduksjonen gir oss store inntekter, samla om lag 30-35 mill kr. kvart år. Inntektene kjem frå kommunens sal av såkalt "konsesjonskraft". Vidare betaler regulanten naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt.

Om vilkårsrevisjon.

Konsesjonen og reguleringsbestemmelsane gjeld til evig tid, men bestemmelsane / vilkåra kan takast opp til "alminnelig revisjon" etter 50 år. I dette ligg at nye vilkår kan ta til å gjelde når 50 år er gått sidan konsesjonen vart gitt. Primært er ein revisjon retta mot å sette nye vilkår for å rette opp miljøskadar som følgje av kraftutbygginga. Som ei følgje av stor utbygging av vasskraftanlegg i Norge i etterkrigstida, forventar Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) krav om revisjon i om lag 400 kraftverk fram mot 2022.

Ein vilkårsrevisjon regulerer berre forholdet til offentlege myndigheiter, almenheten og almenne verdiar. Den berører ikkje forholdet til grunneigarane. Det privatrettslege forholdet mellom Statkraft og grunneigarane kan ikkje endrast i denne prosessen. Dei fleste grunneigarane har fått erstatning for tapte inntekter ein gang for alle frå regulanten. NVE anbefalar at krav om vilkårsrevisjon blir fremma gjennom kommunen og NVE avgjør om revisjonssak skal startast. At vilkårsrevisjon blir fremma gjennom kommunen inneber at kommunen, på vegne av almenheten, tek styring i og organiserer denne prosessen.

Jfr. NVE er dette normal saksgang ved vilkårsrevisjonar:

- Representanter for almenne interesser påpeker og begrunner behov for endringer i konsesjonsvilkår.
- NVE ber konsesjonæren kommentere påpekte behov for endringer.
- NVE avgjør etter en skjønnsmessig vurdering om revisjonssak skal startes.
- NVE avgjør hvilke utredninger som er nødvendige å utføre for å vurdere konkrete endringer.
- NVE sender utredninger og forslag til endringer på høring til berørte parter.
- NVE vurderer uttalelsene og avgir innstilling til OED om evt. endring av vilkår, evt. med forslag til nye vilkår.
- OED evt. regjeringen avgjør revisjonen.

Kva kan takast opp?

Kan tas opp:

- Endre eksisterende vilkår (f.eks størrelse på fiskeutsettinger).
- Nye vilkår (f.eks terskler).
- Minstevannsføring
- Fyllingsrestriksjoner


Hvordan magasin skal fylles / tappes over året, f.eks en viss vannstand til en gitt dato. Av hensyn til f.eks estetikk / fiske om sommeren.

Kan ikkje takast opp:

- HRV og LRV (høgaste regulerte vasstand / lågaste regulerte vasstand)
- Forhold knyttet til næringsinteresser
- Lovpålagte vilkår.
- Justeringer av avgiftssatser / næringsfond.

Surna i dag.

Samla lengde lakseførande strekning, inkl. sidevassdraga er heile 72,4 km. Hovedelva er lakseførande heilt opp til Lomundsjøen, ca. 54,6 km frå utløpet i Surnadalsfjorden. Trollheim kraftverk ligg om lag 20 km frå utløpet. Surna har dei siste 20 åra vore Møre og Romsdals viktigaste laks- og sjøaurevassdrag og blir vanlegvis rangert blant dei 25 beste laksevassdraga i landet. Fisket er godt tilgjengeleg for ålmenta. Ved vedtak i Stortinget i 2003 fekk Surna status som nasjonalt laksevassdrag, og eit avgrensa fjordområde utanfor fekk status som nasjonal laksefjord. Dette skal innebære at vassdraget er gitt eit særleg vern mot negativ innverknad i sjølve vassdraget og i dei nære fjordområda. I miljøforvaltningas kategorisystem er både laks- og sjøaurebestanden i Surna kategorisert som redusert og vassdragsregulering er anført som ein faktor som verkar negativt på vassdraget.



Figur 2. Rapporterte fangster (kg) av laks og sjøaure i sportsfisket i Surna i årene 1966-2007.

Figuren er henta frå NINA rapport 373. Ferskvannsbiologiske undersøkelser i Surna. Årsrapport for 2007. Tala for 2008 og 2009 gir heller ikkje grunn til optimisme.

Det er i hovudsak fire kraftrelaterte problemområde i Surna i dag:

- For mange raske reduksjonar i vassføringa nedafor Trollheim kraftverk (heng saman med kjøring av kraftverket / sal av kraft når prisen er høgast og stopp når prisen er låg). Medfører ”stranding” av ung fisk som ikkje greier å følgje med når vassstanden går ned.
- For lite vatn ovanfor Trollheim kraftverk. Strekinga mellom Trollheim kraftverk og samløpet Rinna / Surna, som er berørt av reguleringa, har stort potensiale som gyte- og oppvekstområde for fisk.
- Unaturleg temperaturregime grunna tapping av vatn frå Follsjø på stor djupne (for låg sommartemperatur og for høg vintertemperatur). Dette gir svært ugunstige forhold for fisk.
- Måten Trollheim kraftverk blir kjørt på gjennom året kan forbedrast / optimaliserast med omsyn til både fisk og kraftproduksjon.

EU sitt rammedirektiv for vatn

Gjennom tilslutning til EØS avtalen skal Norge følge opp EU sitt rammedirektiv for vatn. I 2007 vart vassforvaltningsforskrifta vedtatt. Denne gir føringar for korleis Norge skal gjennomføre arbeidet med ei heilskapleg vassforvaltning. Miljøverndepartementet har det koordinerande ansvaret. Vassforvaltningsforskrifta femner alt vatn, frå brevatn til kystvatn, med innsjøar, elver, grunnvatn, fjordar og kystvatn ut til ei nautisk mil forbi grunnlina. Forvaltningsplaner / tiltaksplan skal utarbeidast for alle vassforekomstar og målet med desse er å reetablere (minst) "god økologisk tilstand" og "god kjemisk tilstand" i alle vassforekomstar, samt hindre forringing der tilstanden allereie er god. Måla er dei same i heile EØS-området. Dette inneber tiltak for å avgrense overgjødsling, miljøgifter eller anna forureining til vassforekomstane. Det er eit mål å redusere skadar som følgje av flaum, tørke og vassdragsreguleringar. I vassregion Møre og Romsdal er Møre og Romsdal fylke vassregionmynde og har også hatt ansvar for utarbeiding av forvaltningsplanane. Planane blir godkjente av fylkestinget. Til no er det utarbeidd forvaltningsplaner i 3 vassområde i Møre og Romsdal. Desse er Søre Sunnmøre, Eira/Aura/Indre Nesset med Langfjorden og Litjalsvassdraget i Sunndal.

Vurdering

Med bakgrunn i at kraftproduksjonen påverkar Surnavassdraget negativt, og at ein vilkårsrevisjonsprosess vil være retta mot å bøte på nettopp slike utfordringar, bør ein no utnytte dette høvet til forbetring.

Surnadal og Rindal kommunar bør gå saman om å kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa. Nye vilkår kan ta til å gjelde 21.12.2012, dvs. tida er no inne for å starte denne prosessen. Erfaring frå andre revisjonsprosessar tilseier at det kan gå opp mot 10 år fram til vedtak av nye vilkår. Til no er det gjort vedtak av nye konsesjonsvilkår i berre eit vassdrag, dvs. Vinstravassdraget. Ut frå det høge talet på slike prosessar i framtida, er det forventa at framtidige saker vil måtte behandlast vesentleg raskare.

Proessen med å utarbeide krav om vilkårsrevisjon, og utarbeiding av forvaltningsplan for Surnavassdraget i tråd med vassforvaltningsforskrifta, har fleire temamessige likheiter på konkret innhald og målsettingar. I arbeidet med begge desse dokumenta både bør og skal det vere stor grad av medverknad frå innbyggjarar og brukarar av vassdraget. Stortinget har derfor sagt at desse to prosessane i så stor grad som mogleg skal koordinerast til éin. Resultatet blir sjølsagt to ulike dokument. Rådmannen er av den klare oppfatning at dette bør forsøkast.

Ei slik samkjøring av utarbeide krav om vilkårsrevisjon og utarbeiding av forvaltningsplan i tråd med vassforvaltningsforskrifta er ikkje gjort i noko vassdrag til no. Direktoratet for naturforvaltning har signalisert at det er store moglegheiter for økonomisk støtte derifrå til gjennomføring av eit pilotprosjekt for dette. Det vil nok også vere mogleg å få finansiering frå andre instansar innan miljø- og vassdragsforvaltninga.

I eit omfattande arbeid som dette vil bli, bør ekstern konsulent engasjerast. Ein befinn seg her i skjæringspunktet mellom hydrologi (læra om vatn), teknikk, fiskebiologi og jus. Hydrolog Tor Ziegler, til dagleg tilsett i Lesja kommune, kan ta på seg dette arbeidet for Surnadal og Rindal kommunar. At han har ført i penn kravet om vilkårsrevisjon i Auravassdraget for Sunndal, Nesset og Lesja kommunar er her eit vesentleg poeng, og tilseier at han har erfaring på feltet. Reint administrativt vil Surnadal og Rindal då kjøpe denne tenesten av Lesja kommune. Ziegler antar at å utarbeide krav om vilkårsrevisjon og forvaltningsplan for Surnavassdraget i tråd med vassforvaltningsforskrifta vil ta om lag 1/3 årsverk, dvs. 4 mnd arbeid. Prisen vi må betale for dette er om lag kr. 60 000 pr. mnd, noko som er svært rimeleg. Det må nok også pårekast behov for å leige inn noko juridisk kompetanse, og det er då mest naturleg å samarbeide med

Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) sitt sekretariat, advokatfirma Lund og co, som har spisskompetanse på feltet.

I første omgang må det utarbeidast eit forprosjekt som vil gi grunnlag for å kunne søke om ekstern finansiering av arbeidet. Forprosjektet vil måtte avklare meir konkrete detaljar om innhald og tidsbruk i sjølve prosjektet. Arbeidet med forprosjektet vil måtte finansierast av Surnadal og Rindal kommunar. For Surnadal kommune sin del er rådmannen av den oppfatning at midlar frå næringfondet kan nyttast til dette. Eiga sak om finansiering av forprosjektet kan derfor leggest fram for formannskapet på eit seinare tidspunkt. Det vesentlege no vil vere å få kommunestyret sitt mandat til å gå vidare med arbeidet og korleis dette skal organiserast.

Arbeidet med å utarbeide krav om vilkårsrevisjon for Folla-Vindøla-reguleringa og forvaltningsplan for Surnavassdraget i tråd med vassforvaltningsforskrifta kan organiserast slik:

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i Rindal og Surnadal kommunar.

Arbeidsgruppe: Konsulent Tor Ziegler, Bodil Gjeldnes (Surnadal kommune), Vebjørn Knarrum (Rindal kommune), 1 rep frå Surnadal elveeigarlag, 1 rep. frå Rindal elvalag, 1 rep. frå Samarbeidsorganet for Surna.

Referansegruppe: Breitt samansett for best mogleg kontakt med almenne interesser.

Referansegruppa oppnemnst av styringsgruppa, men dette bør vere representantar frå lokale organisasjonar, t.d. jeger- og fiskerforeningar og grenda- /bygdelag.

Hovedmålet med den delen av arbeidet som gjeld å utarbeide krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon.

Rådmannen si tilråding

Surnadal og Rindal kommunar skal i fellesskap og på vegne av almenne interesser og verdier kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa av 21.12.1962. Dette arbeidet skal samkjørast med utarbeiding av forvaltningsplan etter vassforvaltningsforskrifta.

Ansaret for arbeidet organiserast slik:

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i Rindal og Surnadal kommunar.

Arbeidsgruppe: Konsulent Tor Ziegler, Bodil Gjeldnes (Surnadal kommune), Vebjørn Knarrum (Rindal kommune), 1 rep frå Surnadal elveeigarlag, 1 rep. frå Rindal elvalag, 1 rep. frå Samarbeidsorganet for Surna.

Referansegruppe: Breitt samansett for best mogleg kontakt med almenne interesser.

Referansegruppa oppnemnst av styringsgruppa.

Tor Ziegler blir leigd inn som konsulent i arbeidet og ein skal tilstrebe mest mogleg ekstern finansiering. Midlar frå Surnadal kommune sitt næringsfond kan også nyttast etter eigne vedtak i Surnadal formannskap.

Hovedmålet med den delen av arbeidet som gjeld krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon.

Behandling i Kommunestyret - 10.12.2009

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

Kommunestyret sitt vedtak:

Surnadal og Rindal kommunar skal i fellesskap og på vegne av almenne interesser og verdiar kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa av 21.12.1962. Dette arbeidet skal samkjørast med utarbeiding av forvaltningsplan etter vassforvaltningsforskrifta.

Ansvar for arbeidet organiserast slik:

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i Rindal og Surnadal kommunar.

Arbeidsgruppe: Konsulent Tor Ziegler, Bodil Gjeldnes (Surnadal kommune), Vebjørn Knarrum (Rindal kommune), 1 rep frå Surnadal elveeigarlag, 1 rep. frå Rindal elvalag, 1 rep. frå Samarbeidsorganet for Surna.

Referansegruppe: Breitt samansett for best mogleg kontakt med almenne interesser.

Referansegruppa oppnemnst av styringsgruppa.

Tor Ziegler blir leigd inn som konsulent i arbeidet og ein skal tilstrebe mest mogleg ekstern finansiering. Midlar frå Surnadal kommune sitt næringsfond kan også nyttast etter eigne vedtak i Surnadal formannskap.

Hovedmålet med den delen av arbeidet som gjeld krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon.

Saksframlegg

VILKÅRSREVISJON FOR STATSREGULERINGA AV FOLLA-VINDØLA VASSDRAGA

Arkivsaknr:	09/1527	Arkiv:	K2-K60
Saksbehandler:	Vebjørn Knarrum		

Saksgang:	Møtedato:	Saksnummer:
Kommunestyret	16.12.2009	067/09

RÅDMANNENS INNSTILLING:

1. Surnadal og Rindal kommunar skal i fellesskap og på vegne av almenne interesser og verdier kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa av 21.12.1962. Dette arbeidet skal samkjørast med utarbeiding av forvaltningsplan etter vassforvaltningsforskrifta.

2. Ansvar for arbeidet organiserast slik:

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i Rindal og Surnadal kommunar.

Arbeidsgruppe: Konsulent Tor Ziegler, Bodil Gjeldnes (Surnadal kommune), Vebjørn Knarrum (Rindal kommune), 1 rep frå Surnadal elveeigarlag, 1 rep. frå Rindal elvalag, 1 rep. frå Samarbeidsorganet for Surna.

Referansegruppe: Breitt samansett for best mogleg kontakt med almenne interesser.

Referansegruppa oppnemnst av styringsgruppa.

3. Hovedmålet med den delen av arbeidet som gjeld krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon.

4. Kommunestyret vil kome attende til finansiering av arbeidet når kostnadane med dette er meir avklart

16.12.2009 Kommunestyret

Forslag i møte:

Ingen.

Avstemning:

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt (14 stemmer).

KS-067/09 VEDTAK:

1.Surnadal og Rindal kommunar skal i fellesskap og på vegne av almenne interesser og verdiar kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa av 21.12.1962. Dette arbeidet skal samkjørast med utarbeiding av forvaltningsplan etter vassforvaltningsforskrifta.

2.Ansvaret for arbeidet organiserast slik:

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i Rindal og Surnadal kommunar.

Arbeidsgruppe: Konsulent Tor Ziegler, Bodil Gjeldnes (Surnadal kommune), Vebjørn Knarrum (Rindal kommune), 1 rep frå Surnadal elveeigarlag, 1 rep. frå Rindal elvalag, 1 rep. frå Samarbeidsorganet for Surna.

Referansegruppe: Breitt samansett for best mogleg kontakt med almenne interesser.

Referansegruppa oppnemnast av styringsgruppa.

3.Hovedmålet med den delen av arbeidet som gjeld krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon.

4. Kommunestyret vil kome attende til finansiering av arbeidet når kostnadane med dette er meir avklart

Vedlegg: Generalplan

BAKGRUNN

Historikk

Statkraft fekk konsesjon til regulering av Folla-Vindøla-vassdraga for produksjon av elektrisk kraft 21.12.1962 og til ei endring av denne reguleringa 01.07.1966.

Folla-Vindøla-reguleringa har to kraftverk, dvs. Trollheim kraftverk på Harrang som vart sett i drift i 1968, og Gråsjø kraftverk sett i drift i 1970. Oppdemming av Folla i Folldalen er nok det mest synlige beviset på reguleringa i form av dei to store kunstige vassmagasina Follsjø og Gråsjø. Sjå vedlagt generalplan over anlegga. Trollheim kraftverk produserer 743 GWh/år, Gråsjø kraftverk 71 GWh/år. Vatn frå Rinna, Bulu, Folla og Vindøla blir overført i tunellar til magasina i Folldalen. Endringa det vart gitt konsesjon til i 1966 gjaldt overføring av vatn frå Vindøla til Follsjø. For Surna-vassdraget er følgjen av kraftreguleringa betydeleg redusert vassføring oppstrøms Trollheim kraftverk. Nedstrøms Trollheim kraftverk er vassføringa sterkt prega av korleis Trollheim kraftverk blir kjørt.

Både Trollheim og Gråsjø kraftverk ligg i Surnadal kommune, men Rindal kommune blir også berørt av utbygginga, først og framst i form av at vatn frå Rinna og Bulu blir overført til Follsjø, og at delar av begge magasina ligg i Rindal kommune.

Knytt til gjeldande konsesjon finst reguleringsbestemmelsar / vilkår som angir nokså detaljerte forpliktelsar Statkraft har, t.d. avgifter til kommunen, det skal skaffast boligar til tilsette ved kraftverket, bygging og vedlikehald av veger og bruer med meir. Vilkåra inneheld også ein vesentleg biologisk del som gjeld t.d. utsetting av yngel og smolt som kompenserande tiltak, bygging og drift av stamfiskanlegg og utføring av fiskeribiologiske undersøkingar. Gjeldande utsettingspålegg i Surnavassdraget er 35 000 2-årig smolt og 60 000 1-somrig yngel årleg.

Det er pålagt krav om minstevassføring nedafor Trollheim kraftverk på 15 m³/s, men den kan fråvikast ned til 5 m³/s i perioden 15.oktober – 15. mai.

Det er ei kjent sak at kraftproduksjonen gir oss store inntekter, samla om lag 30-35 mill kr. kvart år. Inntektene kjem frå kommunens sal av såkalt "konsesjonskraft". Vidare betaler regulanten naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt.

Om vilkårsrevisjon.

Konsesjonen og reguleringsbestemmelsane gjeld til evig tid, men bestemmelsane / vilkåra kan takast opp til "alminnelig revisjon" etter 50 år. I dette ligg at nye vilkår kan ta til å gjelde når 50 år er gått sidan konsesjonen vart gitt. Primært er ein revisjon retta mot å sette nye vilkår for å rette opp miljøskadar som følgje av kraftutbygginga. Som ei følgje av stor utbygging av vasskraftanlegg i Norge i etterkrigstida, forventar Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) krav om revisjon i om lag 400 kraftverk fram mot 2022.

Ein vilkårsrevisjon regulerer berre forholdet til offentlege myndigheiter, almenheten og almenne verdiar. Den berører ikkje forholdet til grunneigarane. Det privatrettslege forholdet mellom Statkraft og grunneigarane kan ikkje endrast i denne prosessen. Dei fleste grunneigarane har fått erstatning for tapte inntekter ein gang for alle frå regulanten. NVE anbefaler at krav om vilkårsrevisjon blir fremma gjennom kommunen og NVE avgjør om revisjonssak skal startast. At vilkårsrevisjon blir fremma gjennom kommunen inneber at kommunen, på vegne av almenheten, tek styring i og organiserer denne prosessen.

Jfr. NVE er dette normal saksgang ved vilkårsrevisjonar:

- Representantar for almenne interesser påpeker og begrunner behov for endringer i konsesjonsvilkår.
- NVE ber konsesjonæren kommentere påpekte behov for endringer.
- NVE avgjør etter en skjønsmessig vurdering om revisjonssak skal startes.
- NVE avgjør hvilke utredninger som er nødvendige å utføre for å vurdere konkrete endringer.
- NVE sender utredninger og forslag til endringer på høring til berørte parter.
- NVE vurderer uttalelsene og avgir innstilling til OED om evt. endring av vilkår, evt. med forslag til nye vilkår.
- OED evt. regjeringen avgjør revisjonen.

Kva kan takast opp?

Kan tas opp:

- Endre eksisterende vilkår (f.eks størrelse på fiskeutsettinger).
- Nye vilkår (f.eks terskler).
- Minstevannsføring
- Fyllingsrestriksjoner


Hvordan magasin skal fylles / tappes over året, f.eks en viss vannstand til en gitt dato. Av hensyn til f.eks estetikk / fiske om sommeren.

Kan ikkje takast opp:

- HRV og LRV (**h**øgaste **r**egulerte **v**asstand / **l**ågaste **r**egulerte **v**asstand)
- Forhold knyttet til næringsinteresser
- Lovpålagte vilkår.
- Justeringer av avgiftssatser / næringsfond.

Surna i dag.

Samla lengde lakseførande strekning, inkl. sidevassdraga er heile 72,4 km. Hovedelva er lakseførande heilt opp til Lomundsjøen, ca. 54,6 km frå utløpet i Surnadalsfjorden. Trollheim kraftverk ligg om lag 20 km frå utløpet. Surna har dei siste 20 åra vore Møre og Romsdals viktigaste laks- og sjøaurevassdrag og blir vanlegvis rangert blant dei 25 beste laksevassdraga i landet. Fisket er godt tilgjengeleg for ålmenta. Ved vedtak i Stortinget i 2003 fekk Surna status som nasjonalt laksevassdrag, og eit avgrensa fjordområde utanfor fekk status som nasjonal laksefjord. Dette skal innebære at vassdraget er gitt eit særleg vern mot negativ innverknad i sjølve vassdraget og i dei nære fjordområda. I miljøforvaltningas kategorisystem er både laks- og sjøaurebestanden i Surna kategorisert som redusert og vassdragsregulering er anført som ein faktor som verkar negativt på vassdraget.



Figur 2. Rapporterte fangster (kg) av laks og sjøåure i sportsfisket i Surna i årene 1966-2007.

Figuren er henta frå NINA rapport 373. Ferskvannsbiologiske undersøkelser i Surna. Årsrapport for 2007. Tala for 2008 og 2009 gir heller ikkje grunn til optimisme.

Det er i hovudsak fire kraftrelaterte problemområde i Surna i dag:

- For mange raske reduksjonar i vassføringa nedafor Trollheim kraftverk (heng saman med kjøring av kraftverket / sal av kraft når prisen er høgast og stopp når prisen er låg). Medfører "stranding" av ung fisk som ikkje greier å følgje med når vassstanden går ned.
- For lite vatn ovanfor Trollheim kraftverk. Strekninga mellom Trollheim kraftverk og samløpet Rinna / Surna, som er berørt av reguleringa, har stort potensiale som gyte- og oppvekstområde for fisk.
- Unaturleg temperaturregime grunna tapping av vatn frå Follsjø på stor djupne (for låg sommartemperatur og for høg vintertemperatur). Dette gir svært ugunstige forhold for fisk.
- Måten Trollheim kraftverk blir kjørt på gjennom året kan forbeistrast / optimaliserast med omsyn til både fisk og kraftproduksjon.

EU sitt rammedirektiv for vatn

Gjennom tilslutning til EØS avtalen skal Norge følgje opp EU sitt rammedirektiv for vatn. I 2007 vart vassforvaltningsforskrifta vedtatt. Denne gir føringar for korleis Norge skal gjennomføre arbeidet med ei heilskapleg vassforvaltning. Miljøverndepartementet har det koordinerande ansvaret. Vassforvaltningsforskrifta femner alt vatn, frå brevatn til kystvatn, med innsjøar, elver, grunnvatn, fjordar og kystvatn ut til ei nautisk mil forbi grunnlina. Forvaltningsplaner / tiltaksplan skal utarbeidast for alle vassforekomstar og målet med desse er å reetablere (minst) "god økologisk tilstand" og "god kjemisk tilstand" i alle vassforekomstar, samt hindre forringing der tilstanden allereie er god. Måla er dei same i heile EØS-området. Dette inneber tiltak for å avgrense overgjødsling, miljøgifter eller anna forureining til vassforekomstane. Det er eit mål å redusere skadar som følgje av flaum, tørke og vassdragsreguleringar. I vassregion Møre og Romsdal er Møre og Romsdal fylke

vassregionmynde og har også hatt ansvar for utarbeiding av forvaltningsplanane. Planane blir godkjente av fylkestinget. Til no er det utarbeidd forvaltningsplaner i 3 vassområde i Møre og Romsdal. Desse er Søre Sunnmøre, Eira/Aura/Indre Nesset med Langfjorden og Litjaldsvassdraget i Sunndal.

VURDERING

Med bakgrunn i at kraftproduksjonen påverkar Surnavassdraget negativt, og at ein vilkårsrevisjonsprosess vil være retta mot å bøte på nettopp slike utfordringar, bør ein no utnytte dette høvet til forbetring.

Rindal og Surnadal kommunar bør gå saman om å kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa. Nye vilkår kan ta til å gjelde 21.12.2012, dvs. tida er no inne for å starte denne prosessen. Erfaring frå andre revisjonsprosessar tilseier at det kan gå opp mot 10 år fram til vedtak av nye vilkår. Til no er det gjort vedtak av nye konsesjonsvilkår i berre eit vassdrag, dvs. Vinstravassdraget. Ut frå det høge talet på slike prosessar i framtida, er det forventa at framtidige saker vil måtte behandlast vesentleg raskare.

Proessen med å utarbeide krav om vilkårsrevisjon, og utarbeiding av forvaltningsplan for Surnavassdraget i tråd med vassforvaltningsforskrifta, har fleire temamessige likheiter på konkret innhald og målsettingar. I arbeidet med begge desse dokumenta både bør og skal det vere stor grad av medverknad frå innbyggjarar og brukarar av vassdraget. Stortinget har derfor sagt at desse to prosessane i så stor grad som mogleg skal koordinerast til éin. Resultatet blir sjølsagt to ulike dokument. Rådmannen er av den klare oppfatning at dette bør forsøkast.

Ei slik samkjøring av utarbeide krav om vilkårsrevisjon og utarbeiding av forvaltningsplan i tråd med vassforvaltningsforskrifta er ikkje gjort i noko vassdrag til no. Direktoratet for naturforvaltning har signalisert at det er store moglegheiter for økonomisk støtte derifrå til gjennomføring av eit pilotprosjekt for dette. Det vil nok også vere mogleg å få finansiering frå andre instansar innan miljø- og vassdragsforvaltninga.

I eit omfattande arbeid som dette vil bli, bør ekstern konsulent engasjerast. Ein befinn seg her i skjæringspunktet mellom hydrologi (læra om vatn), teknikk, fiskebiologi og jus. Hydrolog Tor Ziegler, til dagleg tilsett i Lesja kommune, kan ta på seg dette arbeidet for Surnadal og Rindal kommunar. At han har ført i penn kravet om vilkårsrevisjon i Auravassdraget for Sunndal, Nesset og Lesja kommunar er her eit vesentleg poeng, og tilseier at han har erfaring på feltet. Reint administrativt vil Surnadal og Rindal då kjøpe denne tenesten av Lesja kommune. Ziegler antar at å utarbeide krav om vilkårsrevisjon og forvaltningsplan for Surnavassdraget i tråd med vassforvaltningsforskrifta vil ta om lag 1/3 årsverk, dvs. 4 mnd arbeid. Prisen vi må betale for dette er om lag kr. 60 000 pr. mnd, noko som er svært rimeleg. Det må nok også påreknast behov for å leige inn noko juridisk kompetanse, og det er då mest naturleg å samarbeide med Landssamanslutninga for vasskraftkommunar (LVK) sitt sekretariat, advokatfirma Lund og co, som har spisskompetanse på feltet.

I første omgang må det utarbeidast eit forprosjekt som vil gi grunnlag for å kunne søke om ekstern finansiering av arbeidet. Forprosjektet vil måtte avklare meir konkrete detaljar om innhald og tidsbruk i sjølve prosjektet. Arbeidet med forprosjektet vil måtte finansierast av Surnadal og Rindal kommunar. Eiga sak om finansiering av forprosjektet kan derfor leggjast fram for kommunestyret på eit seinare tidspunkt. Det vesentlege no vil vere å få kommunestyret sitt mandat til å gå vidare med arbeidet og korleis dette skal organiserast.

Arbeidet med å utarbeide krav om vilkårsrevisjon for Folla-Vindøla-reguleringa og forvaltningsplan for Surnavassdraget i tråd med vassforvaltningsforskrifta kan organiserast slik:

Styringsgruppe: Ordførarar og rådmenn i Rindal og Surnadal kommunar.

Arbeidsgruppe: Konsulent Tor Ziegler, Bodil Gjeldnes (Surnadal kommune), Vebjørn Knarrum (Rindal kommune), 1 rep frå Surnadal elveeigarlag, 1 rep. frå Rindal elvalag, 1 rep. frå Samarbeidsorganet for Surna.

Referansegruppe: Breitt samansett for best mogleg kontakt med almenne interesser.

Referansegruppa oppnemnast av styringsgruppa, men dette bør vere representantar frå lokale organisasjonar, t.d. jeger- og fiskerforeningar og grenda- /bygdelag.

Hovedmålet med den delen av arbeidet som gjeld å utarbeide krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon.

OPPSUMMERING

Surnadal og Rindal kommunar skal i fellesskap og på vegne av almenne interesser og verdiar kreve revisjon av gjeldande konsesjonsvilkår i Folla-Vindøla-reguleringa av 21.12.1962. Det nedsettes ei gruppe med hovedmål å utarbeide krav om revisjon av eksisterande vilkår i konsesjonen til Folla-Vindøla-reguleringa som skal vere å styrke laks- og sjøaurestammane i Surnavassdraget, samstundes som at vassdraget og nedslagsfeltet skal gi grunnlag for bærekraftig kraftproduksjon